



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Bodil Helliesen Øpstebø	Arkivkode: FA-A00
Arkivsaksnr: 21/641	Løpenr: 22/6423
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	01.09.2022	041/2022
Kommunestyret	15.09.2022	047/2022

Tilstandsrapport for grunnskule og barnehage i Samnanger 2022

15.09.2022 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Formannskapet si innstilling vart samrøystes vedteken.

KS- 047/2022 Vedtak:

Samnanger kommune vedtek tilstandsrapporten for grunnskule og barnehage i Samnanger 2022 slik han ligg føre.

01.09.2022 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FORM- 041/2022 Vedtak:

Samnanger kommune vedtek tilstandsrapporten for grunnskule og barnehage i Samnanger 2022 slik han ligg føre.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune vedtek tilstandsrapporten for grunnskule og barnehage i Samnanger 2022 slik den ligg føre.

Dokument som er vedlagt:

Tilstandsrapport for grunnskulen og barnehagen i Samnanger kommune 2022

Dokument som er vedlagt:

Tilstandsrapport for grunnskulen og barnehagen i Samnanger kommune 2022

Kva saka gjeld:

Det er fastsett i opplæringslova og privatskulelova at skuleeigarar pliktar å utarbeida ein årleg rapport om tilstanden i opplæringa. I Stortingsmelding nr. 31 (2007-2008) går det fram at det er viktig at styringsorgana i kommunar og fylkeskommunar har eit bevisst og kunnskapsbasert forhold til kvaliteten på grunnopplæringa. Dette er nødvendig for å følgja opp utviklinga av sektoren på ein god måte. Også i år har me teke med data for barnehage òg, sjølv om det ikkje er lovfesta

Vurderingar og konsekvensar:

Rapporten er laga for å informera om tilstanden (tilstandsrapporten) i opplæringa og denne skal omhandla læringsresultat, fråfall og læringsmiljø. Den årlege rapporten skal drøftast av skuleeigaren, dvs. kommunestyret, jf. opplæringslova § 13-3e, første ledd.

Rapporten skal inngå i det ordinære plan-, budsjett- og rapporteringsarbeidet hos skuleeigar og leggje grunnlaget for vedtak om prioriteringar og tiltak. (www.udir.no)